



MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Mjåtveitelvens forening v/Kjetil Tufte
Rosslandsvegen 336
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.
Vår ref. HKD

Journalp.ID 12/4067
ArkivsakID 11/1236
Arkiv nr. N-632.2

Dato 20.03.2012

VEDRØRANDE MJÅTVEITELVA

Syner til dykkar skriv motteke 27.02.2012


Me ser det som positivt at "Mjåtveitelvens forening" er etablert og syner engasjement i og for lokalmiljøet. Føremålet og målsetjing med foreningen sitt arbeide synes særleg positivt for elva og nærmiljøet ved Frekhaug.

Underteikna vil i det vidare vere kontaktperson i Meland kommune knytt til spørsmål eller andre forhold knytt til Mjåtveitelva. Da eg er ny i kommunen er det godt å kunne få moglegheit til å støtte seg på lokalkjende.

Meland kommune har nyleg motteke ein tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Hordaland knytta til eit av utbyggingsområda ved Frekhaug. Rapporten peikar på tiltak som kan gjerast ved dette utbyggingsområde, men og at der kan vere fleire kjelder til forureining eller påverknad på elva. Dette bør og skal følgjast opp og Fylkesmannen ønskjer å delta som støttespelar.

I høve til dykkar førespurnad om og verte involvert i plan- og byggeprosessar vert foreninga registrert som ein lokal høringspart hjå planavdelinga. Vidare vert foreninga notert som mogleg part hjå byggesaksansvarleg.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester



Hans Kristian Dolmen
Arealplanleggjar

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 1161

Bankkonto:
1503.18.83722

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no